


DAG OG TID

DAG OG TID AS
Org. nr.: 911 092 417 MVA
Postboks 7044 St. Olavs plass
0130 OSLO
www.dagogtid.no
Telefon: 21 50 47 47
Faks: 21 50 47 49
E-post: svein@dagogtid.no

Kulturdepartementet
Postboks 8030 Dep

15. april 2011

0030 OSLO



Høyringsfråsegn – NOU 2010: 14 ”Lett å komme til orde, vanskelig å bli hørt – en moderne mediestøtte”

Dag og Tid er Noregs einaste riksdekkjande nynorskavis. Vi vil difor i vår fråsegn peika på kva som er viktig for at den nynorske rikspressa kan styrkja seg i framtida.

Mediepolitikk er språkpolitikk

Mediepolitikken er òg ein del av språkpolitikken. Utan mange og gode aviser redigerte på nynorsk vil nynorsken verta ytterlegare svekt i åra som kjem. I 2008 gjekk berre 6 prosent av den direkte pressestøtta til aviser redigerte på nynorsk. Det er ein uakseptabel situasjon når vi har stortingsvedtak om to likestilte språk i dette landet.

Vi vil difor stø fråsegna frå Nynorsk kultursentrum om at mediestøtta treng ein språkleg overbygning som tek omsyn til at nynorsken må støttast for å kunna styrkja seg i framtida. Alle skriftspråk må ha ei god presse for å overleva. Dette har for nynorsken sin del vore undervurdert av styresmaktene i altfor lang tid. Ikkje minst trengst det ei nynorsk riksdekkjande avis på papir og nett som kan konkurrera med bokmålsavisene – som den svenskspråklege minoriteten i Finland har med sitt Hufvudstadsbladet.

Auka støtte til nynorsk rikspress

Dag og Tid kan verta ei slik avis, men då trengst det meir støtte. At Noregs einaste riksdekkjande avis på nynorsk berre får 4,6 millionar i støtte, kan ikkje halda fram. Mange artiklar på nynorsk i bokmålspressa er svært viktig. Men eit sjølvstendig språk må òg ha eit kraftfullt redaksjonelt miljø som kan odla og dyrka fram eit godt mediespråk og som kan synleggjera at nynorsken kan stå på egne føter.

Riksdekkjande nynorskaviser, i dag i praksis Dag og Tid, bør difor få ein eigen post (gjerne administrert av Norsk kulturråd) der viljen til ei reell satsing på nynorsk rikspress (papir og digitalt) vert synleggjord gjennom ein kraftig auke i den økonomiske støtta. Grunngevinga for denne støtta må vera språkpolitisk, i tillegg til god kvalitet på journalistikken.

Moms

Vi ser det som svært viktig at momsritaket for aviser held fram. Ei eventuell kompensasjonsordning vil på lang sikt kunna svekkja økonomien til avisene og såleis evna deira til å stå for ein god, sjølvstendig journalistikk. Kompensasjonar har ein tendens til å

smuldra bort over tid. Eit momsfristak, derimot, er ei fast ordning som ingen kan svekkja så lenge vedtaket om fritak vert ståande.

I tillegg er ordninga med momsfristak kombinert med pressestøtta eit godt kompromiss mellom aviser som tek imot pressestøtte, og dei som ikkje gjer det. Det gjer at motstanden mot pressestøtta ikkje er så stor frå dei avisene som ikkje får støtte, og gjer såleis ordninga meir levedyktig.

Statleg annonsering

Vi stør framlegget til utvalet om at avgrensingane for kvar staten kan annonsera, mellom anna at vekeavisene ikkje er listeførde, vert oppheva. Ordninga slik ho er i dag, er urettvis andsynes vekeavisene.


Utbyte til aksjonærane

Vi stør derimot ikkje at verksemder som tek imot statsstøtte, no skal kunna betala utbyte til aksjonærane. Forbodet bør vidareførast – utan vil ordninga missa sin legitimitet. Eit slikt forbod vil òg gjera støtteavisene mindre attraktive for utanlandske oppkjøp.

Marknadsføring

Dag og Tid stør framlegget om at sal av avisabonnement gjennom telefonsal, og distribusjon av innstikk i avisene, vert vidareført.

Med beste helsing



Svein Gjerdåker
ansvarleg redaktør i Dag og Tid

Sveinung Lindaas
fungerande styreleiar i Dag og Tid